

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/19	Ungdomsrådet	PS	19.06.2019
050/19	Formannskapet	PS	20.06.2019
043/19	Kommunestyret	PS	27.06.2019
022/19	Levekårsutvalet	PS	18.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	17/1525

## Seim skyttarlag; søknad om tilskot til ny Miniaturskytebane

### Vedlegg :

1. Kostnadsoverslag og framdriftsplan (L)(430210)2. Budsjett detaljert (L)(430211)3. Kostnadsfordeling (L)(430212)4. Oversiktskart (L)(430213)5. Flyfoto (L)(430214)6. Fasadeteikning (L)(430215)7. Planteikning (L)(430216)8. Snitt-teikning (L)(430217)9. Dokumentasjon på aktivitet (L)(430218)

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Det blir ikkje gjeve økonomisk tilskot og lånegaranti til ny miniaturskytebane til Seim skyttarlag. Dette er ei vurdering som må opp i samband med ordinær budsjettprosess.

## Levekårsutvalet - 022/19

### LE - behandling:

### Fellesframlegg v/A. Hetlebakke-Krf:

Levekårsutvalet rår til at søknaden frå Seim Skyttarlag om tilskot og lånegaranti vert innvilga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### LE - vedtak:

### Uttale i Levekårsutvalet - 18.06.2019:

Levekårsutvalet rår til at søknaden frå Seim Skyttarlag om tilskot og lånegaranti vert innvilga.

## **Ungdomsrådet - 020/19**

### **UR - behandling:**

#### **UR - vedtak:**

Ungdomsrådet er positive til planane til Seim skyttarlag, og meinar at kommunen bør kunne gje tilskot til planane.

Det er mange ungdom som set stor pris på tilbodet til skyttarlaga.

Om tilskotet bør vurderast i samanheng med ordinær budsjettprosess eller tas direkte i kommunestyret, er dei heller usikre på. Ungdomsrådet kjenner ikkje kva rutinar som elles gjeld i slike sakar. Ungdomsrådet støttar tiltaket, men uttalar seg ikkje vidare om prosess.

## **Formannskapet - 050/19**

### **FO - behandling:**

Orientering ved konst.kultursjef Eileen Feste.

#### **Fellesframlegg ved A.AA.Byrknes-Krf:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Seim skyttarlag om økonomisk tilskot på 3,3 mill.kr. på vilkår at det føreligg ein heilskapleg finansiering plan. Midlane tas frå disposisjonsfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO - vedtak:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Seim skyttarlag om økonomisk tilskot på 3,3 mill.kr. på vilkår at det føreligg ein heilskapleg finansiering plan. Midlane tas frå disposisjonsfondet.

## **Kommunestyret - 043/19**

### **KO - behandling:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KO - vedtak:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Seim skyttarlag om økonomisk tilskot på 3,3 mill.kr. på vilkår at det føreligg ein heilskapleg finansiering plan. Midlane tas frå disposisjonsfondet.

### **Saksopplysningar:**

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Ungdomsrådet

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjeraast i Kommunestyret

## Bakgrunn

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 vart vedteken i kommunestyret 27.10.16. Regelverket krev at anlegg ein ønskjer å søkja spelemidlar for, skal vera med i handlingsprogrammet i Kommunaldelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

### I Kommunestyresak 08/19 av 21.02.19, blei det fatta følgjande vedtak:

FO - vedtak: Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyr bane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjarbeidet hausten 2019.S

Søknad om spelemidlar er sendt med etterhald om at prosjektet vert tatt inn i handlingsprogrammet i rulleringa av idrettsplanen. Eventuelt kommunalt tilskot til prosjektet vert å koma attende til i samband med handsaminga av 1. kvartalsrapport.

Seim skyttarlag søker økonomisk støtte frå Lindås kommune til å byggje ein 15 m skytebane.

Skyttarlaget disponera i dag ei innandørsbane med plass til 6 skyttarar samt ei 100 meters bane med plass til 10 skyttarar og ei 200 meters bane med plass til 10 skyttarar.

## Vurdering

Seim skyttarlag har sidan 1989 heldt til i Kjekvdalen. Dei har dei seinare åra registrert ein tendens i auke i innandørsaktivitet, som medfører m.a. mindre støy. Innandørsanlegget til Seim skyttarlag er lite, berre 6 skiver. For å vere meir framtidsretta og dekke behova til m.a. dei mange ungdommane som nyttar anlegget, er det behov for å byggje eit anlegg med 15 skiver.

Seim skyttarlag er ein veldrevet lag med lange tradisjonar. Laget har mange aktive medlemmar som har hevda seg heilt i toppen både på bane- og feltskyting, også på nasjonalt plan. Laget har fleire norgesmeister. Laget har i dag ca. 280 medlemmer, med ca 85 betalande barn/unge. Dei siste åra har ein sett ein betydeleg auke i tal medlemmar blant den yngre aldersgruppa. Ein del ungdommar nyttar seg av banefasilitetane utan at dei er medlem. Seim skyttarlag er det laget i Hordaland som har flest ungdom på feltstemner.

I samband med arbeid i nye Alver kommune, er det nedsett ein prosjektgruppe for anleggsstrategi saman med repr frå Meland, Radøy og Lindås samt interimsstyret for Alver idrettsråd. I ein førebels prioritering av rullering av anleggsplan, ligg både Lindås skyttarlag og Seim skyttarlag inne i planen. Saka skal behandlast politisk til hausten.

## **Behov for større mangfald**

Aktiviteten som Seim skyttarlag byr på, er med å dekke behovet for eit større mangfald av aktivitetar i Lindås kommune enn i dag, og fangar opp mange av dei som ikkje nødvendigvis finn seg til rette i dei store, tradisjonelle idrettane.

Lindås kommune har i samråd med idretten prioritert bygging av haller og andre større idrettsanlegg dei siste åra, og brukt store summar til finansiering av desse. Dette har vore med på å styrke tilbodet til store idrettar innan hallidrett og fotball.

## **Økonomi**

Seim skyttarlag har eit kostnadsoverslag på 6 943 750 for prosjektet. Bygging av 15 m innandørs miniatyrbane med 15 skiver vil gje skyttarlaget rett på 1 500 000 i spelemidlar. Lager 50 kvadrat vil gje ytterlegare 300 000.

Laget søker Lindås kommune om å dekka dei kr 3 300 000 som tilskot utbetalt i 2019 og 2020, samt at kommunen gjev lånegaranti på kr 1 843 660 i mellombels finansiering av speleidlane. Speleidlane har ein ventetid på utbetalning på 3-4 år.

Prosjektet er kome inn på handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv, men prosjektet er ikkje finansiert og prioritert gjennom kommunen sitt investeringsbudsjett i økonomiplanperioden. Rådmannen rår til at eit prosjekt av ein slik storleik bør bli vurdert i den ordinære budsjettprosessen, og vil ikkje tilrå å gje økonomisk tilskot og lånegaranti gjennom denne enkeltsaka. Viss det er politisk ønskje om å gje økonomisk tilskot, rår rådmannen til å løyve rundt 1/3 av totalkostnaden for prosjektet.

Laget har ikkje innhenta anbod på prosjektet, men søknaden er følgt av detaljerte kostnadsoverslag utarbeid av lagsmedlemmar som jobbar med prosjektering av bygg til dagleg. Rådmannen meiner dei oppsette kostnadane framstår som realistiske.

Seim Skyttarlag skriv i sin søknad og at dei vil vera positive dersom kommunen ønskjer å stå for bygging og vera eigar av anlegget. Utandørs finst det i dag berre privat eigde skyteanlegg i Lindås. Det same er situasjonen i Radøy og Meland. Rådmannen rår til at kommunen ikkje går inn på eigarsida i prosjektet. Dersom skytemiljøet ønskjer å drøfta kommunalt eigarskap i anlegg, bør dette takast opp når det skal utarbeidast idrettsplan for Alver kommune.

.....